



## Disputas: Jon Olav H. Eikenes

**Kva har iPad, Xbox Kinect og nettsida til Petter Stordalen til felles? Svaret er navimasjon (navigasjon + animasjon). Dei nyttar bevegelse på skjerm som eit viktig kommunikasjonsmiddel.**

Onsdag 22. desember forsvarer stipendiat Jon Olav Husabø Eikenes si avhandling *Navigation. A sociocultural exploration of kinetic interface design* for ph.d-graden ved AHO. Kandidaten gjer også ei prøveforelesing relatert til avhandlinga, med tittelen "Examples of double mediation as instrumental and semiotic tool".

Eikenes har si avhandling utforska korleis visuell bevegelse kan nyttast på nettsider og på skjermene til mobiltelefonar og lesebrett. Prosjektet har kombinert analysar av eksisterande nettsider og digitale produkt med eigne designeksperiment.

Ei rekke nye omgrep som "navimasjon" og "kinetiske grensesnitt" er nytta for å analysere og beskrive korleis bevegelse på skjerm kan kommunisere.

Eit viktig bidrag er ein ny modell for å forstå grensesnitt som nyttar bevegelse. Desse grensesnittene er verktøy som legg til rette for bestemte oppgåver, og har samtidig kulturelle og sosiale verdiar knytt til seg.

- [Les samandrag av avhandlinga](#)

Doktorgradsprosjektet er del av forskingsprosjektet RECORD (2007-2010), som er finansiert av Norges Forskningsråd. AHO, SINTEF, Opinion, NRK, VIF, Telenor og Opera Software er partnarar i RECORD. Sjå også [www.navimationresearch.net](http://www.navimationresearch.net)

**Prøveforelesninga tar til kl 10.00, medan disputasen byrjer kl 12.00, med slutt ca. kl 15.00 Sted: Store auditorium, Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo.**

- Detaljert program (pdf)

**Komiteen er sammansett av:**

- Førsteamanuensis Cheryl E. Ball, Illinois State University (førsteopponent)
- Førsteamanuensis Anders Fagerjord, Universitetet i Oslo (annenopponent)
- Dr. Martina Maria Keitsch, Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo (koordinator)

**Om kandidaten:**

Jon Olav Husabø Eikenes (1980) er master i industrideSIGN frå Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo (2006), med fordyping i fagfeltet interaksjonsdesign. Han har vore stipendiat ved [Institutt for design](#) sidan 2007. Eikenes er tilsett som interaksjonsdesignar i designkonsulentfirmaet Halogen i Oslo.

Dato: 22.12.2010

- Tid: 10:00 - 16:00
- Sted: Store auditorium, AHO
- Adresse: Maridalsveien 29, Oslo
- Kontakt: Anne Marie Øveraas
- Telefon: 22 99 70 11
- E-post: [anne.marie.overaas@adm.aho.no](mailto:anne.marie.overaas@adm.aho.no)